

Andre reglar.

I Vanylven er fredningstida for kiste-graver og urnegraver 20 år.

Festeavgifta er p.t.kr 400 for festeperi-oden på 5 år (kr 80/år)

Kyrkjevevja har på delegert mynde frå fellestrådet ansvar for den daglege drift og forvaltning av kyrkjegardane i henhold til sentralt og lokalt regelverk, og er den instans som skal kontaktast i spørsmål som angår graver og gravstar-
dar.



Kyrkjegarden er staden for sorg, vemod og refleksjon,
- men for mange også forventning, trøst og håp.

Vi har difor alle ei felles interesse av at dei skal framstå som velstelte og brukte med verdigheit og respekt.

Frå 2009 er det kommunen som gjennom avtale har ansvaret for den praktiske kyrkjegardsdrifta i samband med gravlegging og slått/vedlikehald



Lurer du på noko?

-Spørsmål kan rettast til

- kyrkjevevja på kyrkjekontoret
- kontortelefon 70022160
- mob 91588274
- E-post:
ms828@kyrkja.no

Venleg helsing

Målfrid Støvreide
kyrkjevevje

Sist oppdatert 07.04.2021

VANYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Informasjon om gravstadane i Vanylven



Informasjon om gravstadane i Vanylven



Tilhøva på gravstadane er regulert av sentrale og lokale reglar. Sentralt er det Gravferdslova av 1996, og forskriftene til gravferdslova, og lokalt er det vedtekter godkjent av bispedømerådet. Desse vedtektene er reviderte i 1998 og tilpassa nytt lovverk.



Om fri grav og feste av grav.

Ei frigrav er ei enkel kistegrav, og er fri for betaling i fredningstida på 20 år.

I samband med gravlegging kan det mot avgift festast ei grav ved sidan av, og etter godkjenning frå fellestrådet to graver, og alle desse vert då å sjå på som ein gravstad.

Etter gravlegging må det oppnemnast ein ansvarshavande for gravstaden (festar).

Ei festa grav forblir festegrav også etter neste gravlegging. Når frigravperioden eller festetida er ute, kan ein feste grava for 5 nye år i gongen. Når det er gått 70 år etter siste gravlegging i ein gravstad, kan ikkje festet fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellestråd.

Festaren disponerar gravstaden og kan bestemme kven som skal gravleggast der.

På den vestlegaste delen av St.Jetmund kyrkjegard (rekkje 14-42), er bruksretten for gjenbruk avgrensa til urnegravlegging.

I god tid før festet går ut skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya etter 6 månader, fell gravstaden attende til kyrkjegarden.

Festar pliktar å melde frå om adresse-ending og evt. overdraging av feste til andre.

Om plantefelt.

Det kan lagast plantefelt i flukt med bakken i same breidd som gravminne, og stikke 60 cm fram, målt frå bakkant av sokkel. Det kan avgrensast av oppdelt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt. Heile steinplater med hol i må ikkje brukast (desse er umulig å fjerne utan å skade dei når det er frost i jorda), heller ikkje singel eller stein som hindrar slått og vedlikehald. Det må ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet.

Plantefelt som ikkje er haldne vedlike, skal fjernast og tilsåast med gras.

Kransar, lykter, vasar og liknande utstyr skal vere lause, og fjernast etter bruk.

Om gravminne.

Gravminna skal ikkje ha breidd over 0,85 m, høgd over 1,5 m og ikkje vege meir enn 300 kg. Gravminna skal sikrast forskriftmessig, med 2 boltar til fundament, som skal ha ei form og ein storleik som hindrer at gravminne veltar og forvoldar skade (nøyaktig størelse angitt i lov-forskrift).

Gravminne skal ikkje settast opp før jorda har sett seg, dvs. 6 mnd. etter gravlegging, og inngraverte namn skal vere identisk med den/dei som er gravlagt i vedkomande gravstad. Det er likevel muleg, etter samtykke frå fellestrådet, å flytte namn frå ein eksisterande gravstein til ein annan (men då må den opprinnelege grava slettast) for å kunne samle familiegraver.

Gravminna og utstyr skal lagast av materiale som er bestandige, og tåle klima og vanleg drift og vedlikehold på gravstaden både sommar og vinter.

Fastmonterte lykter av glas og metall, porselensduer og liknande som lett kan skadast, skal ikkje brukast—og vil uansett ikkje verte erstatta ved skade.

Festar er ansvarleg for at gravminna ikkje er i forfall eller er lause, til fare for dei som ferdast der.

Fellestrådet er ikkje ansvarleg for skade på gravsteinar og gravutstyr med mindre skaden skuldast aktløyse. Det tyder at skade som fylgje av uver etc. må forsikrast av den einskilde eigar.